

# KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr. 4 2018 - 2019 Årgang 45

**VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE,  
ALLE SKAL UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST**

## Velkommen til 1.klasse

Til hausten byrjar det 3 flotte elevar i 1. klasse. Det er Jonas, Amalie og Gabriel. Dei skal på førskuledag den 18. juni, og dei skal gå i klasse med 3 kjekke elevar som går i 1. klasse no. Me ynskjer 1. klassingane velkommen til oss, og gler oss til dei startar på skulen måndag 19. august.

## Takk til 7.klasse

Snart er det siste skuledag på Vik skule for Julie, Ruben, Camilla, Jonas, Amalie, Asgeir, Kristoffer, Mathilde, Tuva, Anna, Vilde og Eline. Denne store trivelege og positive gjengen skal snart starte på Skjold skule. Me vil takke for dei 7 åra dei har vore elevar her. Me kjem til å sakna dokker.



## Nokre går andre kjem

Neste skuleår blir me 39 elevar på skulen. Dette er 10 færre enn me er i år. Utanom 7. klasse som blir ungdomskuleelevar på Skjold skule, flyttar Linnea til Sandnes. Me vil takka Linnea for dei 4 åra ho har vore elev hos oss, og me reknar med at me ser ho igjen.

Av personalet skal Geir Johan Ellingsen gå av med pensjon i sommar. Geir har jobba på Vik skule i 5 år. Han har vore ein engasjert lærar, god støttespelar og dataeksperten vår. Me vil sakna han både som lærar og kollega. Ann Kristin Eriksen har vore vikar for Sandra frå november. Det har vore kjekt å bli kjent med Ann Kristin både for elevar og vaksne. Takk for jobben dokker har gjort på Vik skule og lukke til vidare både Ann Kristin og Geir.

Både Sandra Marie B. Sælemyr og Tonje Strand Alne kjem i august tilbake etter fødselspermisjon. Sandra som lærar og Tonje som lærling. Tonje kjem til å vere litt i alle klassar + SFO. Velkommen tilbake begge to. Heldigvis går barnetalet i barnehagen litt opp og Hjørdis Marie kjem til å jobbe i barnehagen neste år. Me kjem til å sakne henne på skulen, men glade for at ho blir i personalet på eininga. Utanom dette er Håvard Lothe tilsett i 100% stilling som pedagogisk leiar i barnehagen. Velkommen til Vik skule og barnehage Håvard.

## Personalet skuleåret 2019-2020

### 1. - 2. klasse

Kontaktlærer 1.-2. klasse	Bergfrid Kolltveit
Andre tilsette som arbeider her	Judith Gundersen og Berit R. Skartland

### 3.- 4. klasse

Kontaktlærer 3.- 4. klasse	Sandra Marie B. Sælemyr
Andre tilsette som arbeider her	Judith Gundersen, Torunn Fredriksen og Berit R. Skartland.

### 5. - 7. klasse

Kontaktlærer 5. - 7. klasse	Ingrid L. Sandvik og Anne Brith J. Nesheim
Andre tilsette som arbeider her	Lene Bjerga, Bergfrid Kolltveit, Ellen Skretteberg, Torunn Fredriksen, Mira Kalstveit og Sandra M.B. Sælemyr.


<b>SFO</b>	Berit R. Skartland, Torunn V. Fredriksen, Ellen Skretteberg og Lene Bjerga.
------------	---

## Snapchat og spill

Me har den siste tida fått vite at det er sendt stygge meldingar mellom elevar på Snapchat. Me veit og at det også er gjort gjennom spill. Me oppmodar alle foreldre med barn som brukar dette til å sjekke innhaldet ofte. Me oppmodar også om å ha god kontroll på spiltider osv.

## Glommeskar - Dyraskarfjell - Såta

For første gong har skulen hatt tur for mellomtrinnet opp Glommeskar og vidare til Dyraskarfjell og Såta. Turen gjekk flott og elevane var tøffe, kjempespreke og positive. Det brattaste var kjekkast! Denne turen er nå inne i skulen sitt turprogram.



## SFO

For skuleåret 19/20 er det 8 barn som er påmeldte til SFO. SFO startar opp mån 19. august. Det er tilbod om SFO før skulestart i samarbeid med barnehagen, og frå skuleslutt til kl. 16.30 alle dagar. Det er mogleg å kjøpe ekstratid i SFO. Ta kontakt med SFO-koordinator Berit Skartland på tlf. 53655735 / 90515628.

## Nytt på skuleplassen

Me er stolte over investering i flott asfaltmaling på skuleplassen og i barnehagen. Både hundrerutenett, bokstavdrake, talslange og paradiset er brent ned i asfalten.





## Skuledagen og skyss neste skuleår

Om morgonen: Skyss frå Trovåg kl. 07.45 og Tindelands kl. 07.40.

Du brukar det same busskortet heile skuletida di, også på ungdomskulen.

Skyss etter skuletid:

Skuledagen:

Dagar	Nord	Sør	Måndag	Kl. 08.15 – 13.00	1.-7. klasse
Måndag	13.05	13.30	Tysdag	Kl. 08.15 – 13.45	1.-7. klasse
Onsdag	12.40	12.40	Onsdag	Kl. 08.15 – 12.15	1.-4. klasse
Tysdag, torsdag og fredag	13.50	14.15		Kl. 08.15 – 12.35	5.-7. klasse
			Torsdag	Kl. 08.15 – 13.45	1.-7. klasse
			Fredag	Kl. 08.15 – 12.00	1.- 4.klasse
				Kl. 08.15 – 13.45	5.-7. klasse

Det er tilsyn og tilbod om leksehjelp for dei elevane som må vente på skyssen.

## Kalender for siste skuleveke

<b>Måndag 17.06</b>	7. klasse er på besøksdag på Skjold skule. Halvårsvurderingane for elevane er nå lagt ut på Visma. Ein loggar seg inn og les desse på <a href="https://skole.visma.com/vindafjord">https://skole.visma.com/vindafjord</a> Dei blir ikkje sendt heim på anna måte. Kontakt skulen om du treng hjelp til å logge inn el.l. Mjølke og frukt for neste skuleår kan nå bestillast på <a href="http://www.skolelyst.no">www.skolelyst.no</a> og <a href="http://www.skolefrukt.no">www.skolefrukt.no</a> .
<b>Tysdag 18.06</b>	Førskuledag for dei som skal starta i 1. klasse til hausten Hugs å ha med alle skulebøker/bibliotekbøker.
<b>Onsdag 19.06</b> <b><u>Skulen sluttar kl. 10.45.</u></b>	Orienteringsdag for alle elevane. Hugs å kle deg etter vêret Skulen sluttar og bussen går heim kl. 10.45. SFO startar når skulen sluttar.
<b>Torsdag 21.06</b>	Tursti, grilling og aktivitetar. Alle kan ha med seg grillmat og det dei sjølv ynskjer å drikke. Om ein vil, kan ein og få ha med litt snop og t.d. chips. 7. kl. har fellessamling: «Takk for oss». Skulen sluttar og bussane går heim til vanleg tid. SFO er ope til kl. 16.30. Hittegoods blir vist fram og ligg elles i personalavdelinga måndag 24.06.

**God sommar! Velkommen til skulestart måndag 19. august kl.08.15**